

Aktører på scena

Tuva Auren
Gudbrand Jordet
Caroline Brenden
Mikkel Lie
Anne Mathea Digene
Eirik Fossholm

Bodil Øyhus Pihl
Mette Brager
Mari Fossholm
Knut Erik Digene
Edvin Fossholm

Band

Ola Øverby
Øyvind Hovde
Andreas Rukan

Anne Mathea Digene
Inger Olea Digene

Tekstar er skrivne av aktørane sjølve og:

Sondre Digene
Eldor Bråthen
Anne Marie Skinnes Lie

Inger Olea Digene
Vegard Vestrom
Guro Skinnes

Teaterleiar**Ljos og lyd****Scene****Sminke**

Anne Mathea Digene
Rønnaug Øverby og Geir Øverby
Geir Øverby og Hallstein Nerbye
Benedicte Bergum Joten og
Torunn Fossholm

Ein stor takk til alle medverkande – og til deg som kom og såg på.
God pinse og syttande mai!

Gøy og gammen, ung og gammel leker i sammen

Hedalen ungdomslag –
nå også med ungdommar!



Laurdag 14. mai 2016

Nordre Hedalen forsamlingshus

VELKOMEN!

1. Vælkønnen inn te vårt paradys

I Flå arbeider ein med planar for 2000 hytter, slalåmbakke og hotell i området inn mot Vassfaret. Ulike myndigheiter og høyringsinstansar har delvis rådd i frå planane.

Olav Thon er ein av fleire utbyggjarar som står bak forslaget.

2. Rakfiskfestivalen

Rakfiskfestivalen på Fagernes er ein av dei største matfestivalane i Norge.

Under festivalen blir det omsett for om lag 40 millionar. Det blir seld rundt 40 tonn rakfisk, og rundt 30 000 vitjar Fagernes.

3. Danskens lykkelege dag

Vi har alle ulike kjensler kring det å stå opp om morgonen, og reise på arbeid.

For nokre av oss har morgonstund verkeleg gull i munn.

4. Næringsvett

Det yrer av råd om kva som er sunt og ikkje omkring oss. Det er ikkje lett å verte klok på kva ein skal gå for i jungelen av diettar og kurar.

5. Vegproblematikk

Eit sikkert vårteikn i Hedalen er at veg og vegstandard vert det store samtaletemaet. Slik har det vore, og slik vil det nok og vera i overskodelag framtid.

Vers om veg (Funne i Anders A. Lies notatbok frå 1913)

Beindalsvei (Tekst: Edvard Elsrud. 1960-tallet)

Hølut grusveg (Tekst: Gunn Kjensrud, Kjellaug Kjensrud, Gunn Karin Fossholm 1994)

Statens vegvesen (2016)

6. Busetting

Uro og krig i verda kjem stadig nærare, og norske kommunar er spurde om å busette over 18 000 flyktningar i 2016. Kommunestyret har vedtatt at det til ei kvar tid skal vere 30 flyktningar i Sør-Aurdal. Men kvar skal dei bu?

7. Ut på ski

Hedalen løypelag feira nyleg 10-årsjubileum. Løypelaget køyrer opp 150 km høgstandard skiløyper i Hedalsfjellet, og på internett kan ein heile tida følge med på kor løypemaskina fer. Ut på tur, alltid sur? Eller korleis var det no eigentleg?

8. Fjellvett

Fjellvettreglane vart innførde etter ei rekke ulukker og dødsfall påska 1950, og er i dag ein del av den norske kulturarven. Våren 2016 kom det oppdaterte fjellvettreglar, lagt opp som ein læringssirkel: Frå planlegging, til gjennomføring og justering av planane ut frå det som møter ein på turen. Godt fjellvett handlar om refleksjon!

9. Kommunereform

Fem av dei seks kommunane i Valdres har inngått ei intensjonsavtale om kommunesamanslåing. Høyring og spørjeundersøking er gjennomført, og 30. mai er det folkeavrøysting der vi kan gje vårt råd til kommunestyret. Bruk stemmeretten!

I juni skal kommunestyret ta stilling til saka.

10. Heimatt te Hedal'n

Kommunestyret vedtok i 2015 eit minste elevtal for å oppretthalde skulane i Hedalen og Begnadalen. Samtidig utreider ein samarbeidsløysingar for skulene i Hedalen-Nes-Begnadalen. Vedtaket skulle i følgje nokon verke motiverande for utvikling i "ytre del". Vi trivst i Hedalen, og ynskjer velkomne både tilflyttarar og tilbakeflyttarar og ikkje minst håper vi flest mogeleg av dei som no veks opp, ynskjer å bu her også i framtida.

11. Friskis & Svettis

F&S er for alle, om du er veltrent, utrent, gammal eller ung, heiter det. I Hedalen og Begnadalen kan du no trene fire kveldar i veka, og det blir sveitta som aldri før.

12. Lokalet, her har vi det bra!

Hedalen ungdomslag vart skipa i 1898, med dette føremålet:

ved gavnlige adspredelse at yde medlemmerne kunnskap og sømmelig fornøielse.

Føremålet står seg godt den dag i dag, og ungdomslaget er med og skaper aktivitet og fellesskap i bygda.

Lokalet sto ferdig i 1909, og skulle nyttast til *offentlige møder, til sammenkomster af belærende eller underholdende art og til fremme af god forstaaelse og samhold mellem bygdens indvaanere.*

100-årsjubileum både for HUL og lokalet er feira, og vi håper å kunne feire nye jubileum etter kvart. For på lokalet, her har vi det bra!